

MØTEBOK

Organ	Vestlandsrådet
Møtestad	Bergen Kongressenter, Håkonsgt. 5, Bergen
Møtedato	04.03.2005
Kl.	0900 - 1330

Faste medlemmer til stades:

Nils R. Sandal (S og Fj – Sp)
Hilde Kvamsås Aa (S og Fj – SV)
Tor Bremer (S og Fj – A)
Liv Signe Navarsete (S og Fj – Sp)
Mathias Råheim (S og Fj – H)

Odd Arild Kvaløy (R – Sp)
Ola Ingvaldstad (R- Frp.)
Klara Tveit (R – SV)

Torill Selsvold Nyborg (H – Krf.)
Tom-Christer Nilsen (H- H)
Gisle Handeland (H- A)
Mette Holmefjord Olsen (H – SV)

Jon Aasen (M og R – A)
Olav Bratland (M og R – H)

Forfall til møtet:

Roald G. Bergsaker (R – H)
Eirin Kristin Sund (R – A)
Terje Søviknes (H- Frp.)
Anne Jorunn Hammerø Hatle (M og R – Sp)
Jan Magne Dahle (M og R – SV)
Inger Hanekamhaug (M og R – Frp)

Varamedlemmer til stades:

Ragnhild Osmundsen (R – H)
Frode Berge (R – A)
Jan Koløy (H – Frp.)
Rolf Bergmann (M og R – Frp)
Det møtte ikkje vararmedlemmer for Anne Jorunn
Hammerø Hatle og Jan Magne Dahle

Andre til stades:

Fylkesplansjef Geir J. Gøncz, Møre og Romsdal
Fylkesrådmann Liv Fredriksen, Rogaland
Fylkesrådmann Paul Nilsen, Hordaland
Fylkesrådmann Per Drageset, Sogn og Fjordane

Sekretariat for møtet:

Else Moen

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 12.01.04 vart godkjend utan merknader.

OPEN TIME:

Representanten Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt framlegg til vedtak:

”Vestlandsrådet ønskjer å støtta arbeidet med felles profilering av havbruksnæringa i Vestlandfylka under Aqua Nor – messa 2005.

Rådet ber administrasjonen vurderer korleis dette kan gjerast og leggja fram sak til neste møte.”

Avrøysting:

Framlegget frå representanten Mette Holmefjord Olsen vart samrøystes vedteke.

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

Nr	Arkivsak	Referatstittel
10/05	05/00016	St.meld. nr. 47 (2003-2004) Innovasjonsverksemda for miljøvennlege gasskraftteknologiar mv. – uttale.
11/05	05/00014	Rammevilkår for bompengefinansiering.
12/05	05/00020	Fråsegn i høve Statfjord senfase/Tampen link.
13/05	05/00008	Opplegg for møtet mellom regionråda og byane på Vestlandet og Vestlandsrådet
14/05	05/00026	Gjesteelevsordninga
15/05	05/00005	Strategi for nye oppdrettsartar på Vestlandet
16/05	05/00022	Nasjonale reguleringar av fiskeriene – reguleringsrådet
17/05	05/00023	Samarbeid mellom Vestlandsrådet og Vestnorsk nettverk
18/05	05/00021	Regjeringens kontaktkonferanse med fylkeskommunen 2005.
19/05	05/00023	Møtoreferat – møte om samarbeid mellom Vestlandsrådet og Vestnorsk nettverk
20/05	05/00034	Foreløpig informasjon om Nasjonal konferanse og prosjektverksted om EU's regionalpolitikk, Ålesund 10. – 11. mai 2005.
21/05	05/00013	TT-ordning i heile Region vest

SAK 0013/05

Vestlandsforsøket - planprogram 2005

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet godkjenner forslaget til hovudprioriteringar i planprogram 2005 for Vestlandsforsøket. Vestlandsrådet føreset at Hordaland si handsaming av forslaget til hovudprioriteringar vert innarbeidde i endeleg planprogram 2005.

---- ” ----

Representantane frå Møre og Romsdal deltok ikkje i avrøystinga.

SAK 0014/05

Transportplan for Vestlandet

VEDTAK:

Fylkesrådmannen tilrår at arbeidet med Transportplan for Vestlandet med omfang, organisering og framdrift vert sett i gang i samsvar med det som går fram av saksutgreiinga. Det skal setjast av kr 500.000,- til ekstern hjelp til arbeidet.

Vestlandsrådet vil nytte ein dag i august /september til ei temasamling om transport på Vestlandet der vi inviterer næringslivet og interesseorganisasjonar til å delta.

SAK 0015/05

Universell utforming - eventuell tildeling av pris for spesiell innsats

VEDTAK:

Med tilvising til dei oppgåvene som er definert i handlingsplanen for Vestlandsrådet, ser ein det ikkje som naturleg å dele ut ein pris på dette området

SAK 0016/05**Framtida til Kyststamvegutvalet****VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet rår til at Kyststamvegutvalet formelt vert avvikla, og ber om at saka vert oversendt dei aktuelle fylkeskommunar for endeleg vedtak.
2. Vestlandsrådet føreslår at 85% av inneståande midlar i Kyststamvegutvalet vert overført til Vestlandsrådet og 15% av tilsvarande midlar til Vest-Agder fylkeskommune. Vestlandsrådet legg til grunn at midlane vert disponert til utgreiingsarbeid m.v. til samferdselsføremål.

SAK 0017/05**Nasjonal transportplan 2006-2015 - Handlingsprogrammet****Frå fylkesrådmannen lág det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Som ein del av dei økonomiske planrammene for Vestlandsforsøket tek Vestlandsrådet den fylkesfordelte riksvegramma for Rogaland og Sogn og Fjordane til orientering. Vestlandsrådet føreset at fylkestinget i Hordaland avklarar fordelinga av den fylkesfordelte riksvegramma i Hordaland mellom Vestlandsforsøket og forsøket i Bergen. Vestlandsrådet må få den same friheitsgraden til prioritering av kollektivmidlar innanfor forsøksramma som det ein har i byforsøket i Bergen.

For å vurdere samordning av investeringstiltak og planaktivitetar innanfor Vestlandsforsøket ber Vestlandsrådet om at regionvegsjefen snarast råd utarbeider ein oversikt over vegstrekningar som krysser fylkesgrenser eller på andre måtar har ein landsdelsfunksjon, der det vert synleggjort investeringsbehov, planbehov og det som no er foreslått prioritert i forslaget til handlingsprogram 2006-2015.

2. Vestlandsrådet sluttar seg til prioriteringsnøkkelen for rassikringsprosjekta som Statens vegvesen Region vest har nytta. Fordelinga mellom fylka ligg fast.
3. Dei komande anbudsprosessane for ferjesektoren må ikkje føre til ein reduksjon i standard på ferjemateriell, opningstid og frekvens.
4. Vestlandsfylka må få meir innsyn i og høve til å delta i arbeidet med Stadt skipstunnel, og vi forventar at Kystverket legg opp til ei god framdrift for prosjektet.

5. Saka vert oversend til fylka som grunnlag for vidare handsaming av Nasjonal transportplan (2006-2015) – Handlingsprogram

Endringsframlegg:

Representanten Tor Bremer sette fram slikt framlegg til punkt 2 i staden for punkt 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

- ”2. Som eit utgangspunkt sluttar Vestlandsrådet seg til prioriteringsnøkkelen for rassikringsprosjekta som Statens vegvesen Region vest har nytta. Fordelinga mellom fylka ligg fast.”

Avrøysting:

Framlegget frå Tor Bremer vart samrøystes vedteke.

Punkta 1 og 3-5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

Ingen røysta for punkt 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Som ein del av dei økonomiske planrammene for Vestlandsforsøket tek Vestlandsrådet den fylkesfordelte riksvegramma for Rogaland og Sogn og Fjordane til orientering. Vestlandsrådet føreset at fylkestinget i Hordaland avklarar fordelinga av den fylkesfordelte riksvegramma i Hordaland mellom Vestlandsforsøket og forsøket i Bergen. Vestlandsrådet må få den same friheitsgraden til prioritering av kollektivmidlar innanfor forsøksramma som det ein har i byforsøket i Bergen.

For å vurdere samordning av investeringstiltak og planaktivitetar innanfor Vestlandsforsøket ber Vestlandsrådet om at regionvegsejefen snarast råd utarbeider ein oversikt over vegstrekingar som krysser fylkesgrenser eller på andre måtar har ein landsdelsfunksjon, der det vert synleggjort investeringsbehov, planbehov og det som no er foreslått prioritert i forslaget til handlingsprogram 2006-2015.

2. Som eit utgangspunkt sluttar Vestlandsrådet seg til prioriteringsnøkkelen for rassikringsprosjekta som Statens vegvesen Region vest har nytta. Fordelinga mellom fylka ligg fast.”
3. Dei komande anbudsprosessane for ferjesektoren må ikkje føre til ein reduksjon i standard på ferjemateriell, opningstid og frekvens.
4. Vestlandsfylka må få meir innsyn i og høve til å delta i arbeidet med Stadt skipstunnel, og vi forventar at Kystverket legg opp til ei god framdrift for prosjektet.
5. Saka vert oversend til fylka som grunnlag for vidare handsaming av Nasjonal transportplan (2006-2015) – Handlingsprogram

SAK 0018/05

Årsmelding og rekneskap 2004

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet godkjenner årsmeldinga og rekneskapen for 2005
2. Unytta løyving, kr. 513 069,88, vert ført over til 2005 til styrking av budsjettet dette året.

SAK 0019/05

Revidert Vest 39 - Samla finansierings- og utbyggingsplan for E 39 Kyststamvegen

Frå fylkesrådmannen lág det føre slik tilråding til vedtak:

- 1 Vestlandsrådet viser til tidlegare handsaming av Vest39 og kan ikkje akseptere Vegdirektoratet sitt opplegg for stamveginvesteringar på E39 Kyststamvegen i forslag til handlingsprogram for Nasjonal transportplan 2006-2015.
- 2 Vestlandsrådet vil tilrå opplegget i revidert Vest39 som grunnlag for fylkeskommunane si handsaming av Vegdirektoratet sitt opplegg for stamveginvesteringar på E39 Kyststamvegen i forslag til handlingsprogram for Nasjonal transportplan 2006-2015, jfr vedlegg 1.
- 3 Saka vert oversend til fylka som grunnlag for vidare handsaming av Nasjonal transportplan (2006-2015) – Handlingsprogram

Endringsframlegg:

Representanten Olav Brattland sette fram slikt framlegg til vedtak:

- "1. Vestlandsrådet viser til tidlegare handsamingar i Vest 39 og Stortinget si endelege handsaming av dei økonomiske rammene i NTP 2006 – 2015 der det vart vedteke ein auke på vel 1 mdr kr for satsing på E39 Kyststamevegen i planperioden, i høve til regjeringa sitt opplegg. Sjølv om dette er positivt, manglar framleis betydelege summar for å kunne kome i gang med realisering av viktige strekningar på Kyststamvegen. Vestlandsrådet ber difor om at dette vert teke omsyn til ved seinare årsbudsjett og rulleringar av NTP ved å auke dei økonomiske rammene til Kyststamvegen. (Vest 39)

2. Saka vert difor oversend (med bakgrunn i saksutredning og drøftingar i Vestlandsrådet) til fylka som grunnlag for vidare handsaming av Nasjonal transportplan 2006 – 2015 – Handlingsprogrammet.”

Representanten Gisle Handeland sette fram slikt framlegg til vedtak:

”Saka vert utsett og lagt fram på nytt i eit ekstraordinært Vestlandsrådsmøte.

I forkant av møtet går fylkesordførarane gjennom sakskomplekset på nytt, med sikte på å ivareta følgjande føresetnader:

- Eiksåtunnelen, oppstart i første del av planperioden og fullfinansiering 120 mill kr.
- Nordhordalandspakka , - leggja til rette for implementering , jf. mellom annan vedtak i representantskapet for regionrådet i Nordhordaland 28.02.05.”

Representanten Tom-Christer Nilsen sette fram slikt framlegg til vedtak:

”Saka vert utsett og lagt fram på eit ekstraordinært møte i Vestlandsrådet.”

Avrøysting:

Framlegget frå Tom-Christer Nilsen vart samrøystes vedteke.

Framlegga frå representantane Olav Brattland og Gisle Handeland vart samrøystes oversendt til administrasjon for vidare utgreiing.

Ingen røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Saka vert utsett og lagt fram på eit ekstraordinært møte i Vestlandsrådet.

SAK 0020/05**St.meld. nr 14 (2004-2005) - Sjøtryggleik og oljevernberedskap****VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet meiner at Stortingsmeldinga gjev god oversikt over dagens situasjon innan sjøtryggleik og oljevernberedskap. Meldinga gjev óg oversyn over mange gode tiltak ein vil sette i verk.
2. Vestlandsrådet vil særleg peike på at risikoanalysen i meldinga definerer Vestlandet som det mest utsette området for akutt ureining. Tiltaka som er føreslegne gjenspeglar ikkje denne risikoen. Rådet saknar konkretisering av og auka ressursstilgong til følgjande tiltak:
 - fortgang i farlei- og hurtigbåtmerkinga
 - overvaking
 - FoU-innsats på oljevern

- utviding av trafikksentralen på Fedje
 - utbygging av bølge- og strømvarsling
 - vidare utbygging av dei statlege oljeverndepota og gjenoppretting av oljeverndepotet på Fedje som statleg depot
 - auka bemanning på Kystverket sine beredskapsavdelingar og flytte ressursar frå Horten til Vestlandet.
 - styrka oljevernopplæring
3. Revisjon av planar for naudhamner og strandsettingss plassar må baserast på deltaking frå lokale og regionale styresmakter. Arbeidet bør koordinerast med Interreg-prosjektet Safety at Sea.
 4. Vestlandsrådet ser positivt på oppretting av eit kontaktforum for kysttryggleik og beredskap. Det er viktig at ein får ei god koordinering av instansane. Vestlandsrådet ønskjer å vere representert i eit slikt forum.
 5. Vestlandsrådet etterlyser tiltak retta mot internasjonal skipsfart for å auke bruken av reinare drivstoff.
 6. Vestlandsrådet ønskjer å delta på høyringsmøte i Samferdslekomiteen 16. mars 2005.